Den biologiske fagrapporten etterlater ingen tvil om at de økologiske nisjene er varierte med gunstige betingelser for et rikt arts mangfold både for Mjølåna og Tufteelva. Fossesprutsoner med fosse-enger og bekkekløfter er spesielt viktig men hele influensområdet oppviser en frodighet og variasjon og de angjeldende områder tilhører kommunens mest verdifulle områder for biologisk mangfold helt opp til regionalt nivå. NVH mener at vannføringen er en grunnleggende forutsetning for å ivareta de betingelser som opprettholder både arts mangfoldet og de spesialiserte artenes krav til levested. Et bortfall eller reduksjon av vannføringen vil forsterke en prosess i forbindelse med alle småkraftutbyggingene som fører til at naturtyper og arter blir sjeldne eller truet. Fosse-enger er en sjelden vegetasjonstype som følger vassdrag med markante stryk og fortrinnsvis høye fossefall og er avhengig av konstant fukttilgang. Bryter man kontinuiteten i disse økologiske nisjene har det negativ effekt for det biologiske mangfoldet. Fossesprøytsoner og bekkekløfter er et særtrekk for Norge som har et internasjonalt ansvar i å forvalte slike naturtyper bærekraftig. Å bevare det biologiske mangfoldet i slike særegne naturtyper er en kontinuerlig prosess for å unngå at naturtyper og arter blir sjeldne eller truet.

Inngrepsfrie naturområder

Beskrivelse og problemstillinger

Det planlagte tiltaket vil medføre betydelig bortfall av inngrepsfrie naturområder. Utbygging av Mjølåna vil redusere villmarksprega natur med 1,23 km², inngrepsfri sone 1 med 3,7 km² og sone 2 med 3,7 km². For Tufteelva vil tiltaket redusere inngrepsfri sone 1 med 3,7 km² og inngrepsfri sone 2 med 3,0 km². Fordi områdene for utbygging overlapper hverandre vil samlet påvirkning av de to prosjektene bli følgende: Villmarksprega natur blir redusert med 1,23 km², inngrepsfri sone 1 blir redusert med 3,7 km², mens inngrepsfri sone 2 blir redusert med 4,2 km².

Inngrepsfrie naturområder er blitt redusert i en slik størrelsesorden at områder uten tekniske inngrep i dag blir sett på som en knapphetsressurs. Det er nasjonal politikk at en ved planlegging skal ta hensyn for å sikre at i gjenværende naturområder med urørt preg blir tatt vare på. Denne målsettingen er uttrykt gjennom gjentatte Stortingsmeldinger de senere årene. Storting og Regjering har ikke hevdet noen enkelt hovedgrunn for bevaring av inngrepsfrie naturområder men at urørt natur er en nasjonal ressurs som har verdi i seg selv. Årsaken er at kompleksiteten er så omfattende at flere forskjellige komponenter gjør seg gjeldende som nasjonal arv og identitet, biologisk mangfold, friluftsliv, reiseliv og hensynet til kommende slekters naturarv.

Vurdering

I følge Direktoratet for naturforvaltning sin INON statistikk (INONver0103) utgjorde villmarkspregede områder per januar 2003 11,7 prosent av landets totalareal. Hordaland ligger enda lavere med 9,7 prosent. I perioden 1998-2003 var bortfallet av villmarksprega områder størst i Hordaland av samtlige fylker med 2,8 %.

Tiltakets konsekvenser for inngrepsfrie områder er etter NVH sin mening både stort og dramatisk i alle soner. Spesielt villmarksprega natur har stor verdi og blir her betydelig redusert. Det er og naturlig å øke verdivurderingen for alle soner fordi inngrepsfriheten er med å forsterke verdiene for biologisk mangfold, friluftsliv og reiseliv som her har dokumenterte interesser og hvor tiltaket vil gi store negative konsekvenser for disse temaene.

Kulturminner og kulturmiljø

Beskrivelser og problemstillinger

Austdalen er stedvis tydelig kulturpåvirket fra tidligere tiders husdyrhold i form av stølsvei, støler, tufter og steingarder. Nederst og spesielt øverst i dalen er det imponerende steingjerder. Stølen i Austdalen stammer fra 1600 tallet og er særegent med sine steinhus og steingjerder av omfattende proporsjoner. Her finnes det et helt spesielt støls hus som har stått uberørt slik det ble bygget på 1600 tallet og er oppført utelukkende i stein, med unntak av taket.

Stølsveien på østsiden av Tufteelva må opprinnelig være av minst samme alder som stølen, men er oppgradert og utvidet opp gjennom tidene.

Nede ved elva der det påtenkte Tufteelva kraftverk er planlagt finnes det tufter og kvernsteiner etter tidligere tiders møller.

Vurdering

Selve stølen ligger utenfor det definerte influensområdet, men elva renner fint i landskapet inntil stølen rett før inntakspunktet for Tufteelva. Det gamle steinhuset er antagelig automatisk fredet etter kulturminneloven. Det gir en fin helhetlig opplevelse å følge stølsveien gjennom dalen og vassdraget fram til stølen. Samspillet mellom natur og eldre tiders kulturlandskap beriker turopplevelsen med opprinnelighet og historiske tidslinjer.

Stølsveien er i sin opprinnelige form antagelig eldre enn selve stølen og er fint tilrettelagt opp gjennom århundrene. Den planlagte veien fra Tufteelva kraftstasjon vil ødelegge deler av den gamle stølsveien, noe som er svært uheldig. Med ny kjørevei vil antagelig den gamle kulturstien også miste sin funksjon og gro igjen.

Fisk og fiske

Beskrivelse og problemstillinger

Fisk, småvokst ørret, skal forekomme i de roligste partiene i Tufteelva mens Mjølåna er fisketom.

Vurdering

Fiskebestanden og fritidsfiske i de berørte strekninger har liten verdi.

Samfunnsinteresser

Friluftsliv

Beskrivelse og problemstillinger

Inngangsporten til Austdalen ligger midt i Røldal sentrum med nær beliggenhet til skole, barnehage, butikk, boliger og parkeringsplasser. Det betyr nær og lett tilgang til turopplevelser i dalføret. Området er derfor i stor bruk som utfartsområde og daglig bruk.

Røldal Idrettslag er arrangør av flere aktiviteter som fremmer fysisk fostring og turopplevelser. Røldalstrimmen er et trimtilbud til alle som liker å gå i fjellet og har jevnlig poster i Austdalen. Røldalsløpet blir arrangert i samarbeid med IL Harding og Fjordaalliansen og inngår i en karusell med løpene Bløningsmile, Fjordalangs og Røldalsløpet hvor Austdalen har vært brukt som løpsområde mange ganger. Den første hoppbakken i Røldal lå i Austdalen som lagsprotokollene kan tilbakeføre til 1911.

Odda kommune har en aktiv friluftspolitikk og har som mål å bli landets fremste friluftslivskommune. Måltrettet innsats har resultert i flere løypenett i nærområdene og tilgang til åpne hytter for turfolk. Friluftskart over Odda viser 3 ruter med utgangspunkt i begynnelsen av Austdalen (Røldal sentrum) hvor 2 av dem bruker stien/stølsveien på østsiden av dalen frem til Austdalstølen hvor løypene deler seg. Her fortsetter den ene stien rett frem gjennom Husaskarddalen og Budalsheia, forbi Storavatn og ned til Valldalen. Denne ruten er og tegnet inn på DNT's løypenett over Sør-Norge. Den andre stien går opp lia nord og forbi Simlehovden hvor den møter stien som går vest for Tufteelva. Fortsetter så langsmed Mjølåna vassdraget gjennom Grøndalen og videre på det flate fjellpartiet øst for og over Seljestadjuvet før den går nedover og ender nede ved Seljestad.

Vurdering

Austdalen representerer et tettstednært friluftsområde for Røldal som er tilgjengelig for alle aldersgrupper til å drive friluftsliv som helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig aktivitet som er med på å gi innbyggerne en høy livskvalitet. Området har også betydning for det kommunale og regionale friluftslivet med tilrettelagte turstier.

[...].

Reiseliv

Beskrivelse og problemstillinger

Røldal er en bygd med ca. 600 innbyggere i Odda kommune. Kommunen har, på grunn av sine naturkvaliteter, reiseliv som satsningsområde. Bygda har nasjonal status som et av de beste vintersportstedene i landet. Røldal kan derfor satse på helårsturisme som gir jevn inntektsflyt og sikrer bosettingen i bygda. Røldal er blinket ut som eget turiststed i kommunen godkjent av Fylkesmannen i Hordaland. Reiselivsatsningen har medført enorme investeringer i bygda i form av fritidsboliger, leilighetskomplekser, leilighetshoteller med restauranter, bar, sauna, konferanserom og andre fasiliteter. Investeringsbeløpet er i størrelsesorden 1 milliard kroner og fritidsbefolkningen blir større enn de fastboende. I tillegg kommer allerede veletablerte reiselivsbedrifter som driver camping, hytteutleie og matservering. Austdalen, som har oppgang fra sentrum, vil sommerstid være en nøkkelfaktor for fritidsbruken til disse nye brukerne. Turistkontoret i Røldal henviser konsekvent, med få unntak for de som spør om noe helt bestemt, tilreisende folk til turopplevelser i dette området.

360 grader Røldal som er denne reiselivssatsningens informasjon- og salgskanal på nett henviser til 5 topp- og fotturer utenom Hardangervidda som er den sjette. Disse er Løyning og Korlevoll på Seljestad og 3 fotturer i Røldal. Alle innover Austdalen. Dette viser hvor stor attraksjon dette området allerede har i turismesammenheng og hvilken øket betydning det vil få i fremtiden. Fotturen mellom Seljestad og Austdalen er den eneste som binder disse to reisedestinasjonene sammen i friluftssammenheng. Gode parkeringsmuligheter på begge steder tillater dagsturer ved at man går den ene veien og biler den andre. Eller man kan gå fram og tilbake om man er sprek nok til det.

Hordaland Reiseliv utgir Bilvandring (Vinner av den norske reiselivsprisen) som refererer en "unik kombinasjon av bilturer og interessante, godt tilrettelagte, merkede og passlig lange turer" hvor Austdalen er plukket ut.

Reisedestinasjonen Seljestad er det andre likestilte reiseområdet i Oddafjellene. Rødal og Seljestad er tilgrensede områder bare adskilt av 2 tunneller som gir en kjøreavstand på ca. 8 km. Når man kommer ut av Seljestadtunellen havner man på skianlegget Korlevoll. Når man kommer ut av Rødalstunellen ligger Rødal Alpinanlegg og Håradalen Hyttefelt. På Seljestad er utviklingen godt i gang og investeringene ligger på samme nivå som i Rødal, 1 milliard kroner, med et tilsvarende konseptopplegg. Seljestad er like populært som Rødal og har oppnådd en kvadratmeterpris på 3. 666 kroner for hyttetomter, noe som er helt i norgestoppen og 72 prosent over de dyreste tomtene på Hafjell. Seljestad har et nylig modernisert skianlegg på Korlevoll som er godkjent som FIS-anlegg og er et av de beste på Vestlandet. Her kan det arrangeres NM, norgescup og FIS-renn i løypene. Teoretisk kan man avvikle OL i anlegget. Fjellområdet er et av regionens store utfartsområder. Rødal og Seljestad skal knyttes sammen med skiheiser og løypetraseer. Hele området blir sannsynligvis markedsført under logoen Rødal.

Odda i utvikling, som er et kommunalt organ for reiselivsutvikling, har ryddet flere turstier i kommunen sommeren 2007, deriblant den gamle stien gjennom Austdalen til Havrenås. Hensikten er at både lokale og tilreisende skal ha nytte av tilbudet.

Vurdering

Reiselivssatsningen i Oddafjellene med destinasjonene Rødal og Seljestad er i en størrelsesorden som er tidligere ukjent i denne regionen. Det vil medføre større tilreising og økt bruk av områdene på helårsbasis. Austdalen er i denne forbindelse et sentralt fotturområde med store landskapskvaliteter som binder disse to destinasjonene sammen med start/avslutning Rødal/Seljestad og den eneste ruten som ikke er oppstykket av tekniske inngrep.

Kraftøkning

Prosjektene samlet vil gi en produksjon på 35,61 GWh som er forholdsvis stort i forbindelse med den såkalte småkraftutbyggingen. For den nasjonale krafttilgangen er det uten betydning. Lokalt er det også knapt målbart. Kraftproduksjonen i Odda kommune utgjør hele 5 TWh som er et formidabelt bidrag til nasjonens totale elektrisitetsproduksjon levert av en kommune. Prosjektene vil derfor bare tilføre promiller til kommunens produksjonsøkning. Kommunen har overflod av elektrisk kraft og eksporterer tre fjerdedeler av produksjonsvolumet utover kommunegrensene. Odda kommune selger selv sin konsesjonskraft på 120 GWh til Sørøst Industrier på Husnes.

Kraftinntekter

Søknaden argumenterer med at fordelene ved tiltaket er økte inntekter til tiltakshaverene, samt økte skatteinntekter for kommunen. Økte inntekter til grunneierne kan neppe sies å være et samfunnsmessig ansvar. 2 av grunneierne er også busatt utenfor bygda. Skattereglene for småkraftforetak er helt spesielle og kommunene har ikke de store inntekter for slike foretak. Odda er en meget rik kraftkommune med dårlig økonomistyring og et driftsbudsjett på hele 556 millioner kroner fordelt på omtrent 7000 innbyggere. Inntektene er vesentlig mer enn i kommunenorge for øvrig og de kraftrelaterte inntektene utgjør alene 135 millioner kroner.

Konklusjon

NVH mener at bortfall eller reduksjon i vannføringen til Mjølåna og Tufteelva vil medføre store negative konsekvenser for naturmangfold, det biologiske mangfoldet, inngrepsfrie

naturområder, store landskapsverdier, friluftsliv og reiseliv og søknaden om konsesjon til bygging av Mjølåna kraftverk og Tufteelva kraftverk må derfor avvises etter vannressurslovens § 25 da skader og ulemper ved tiltaket overstiger fordelene ved tiltaket."

Arnold Hamre m.fl. har sendt uttalelse i brev av 11.10.2007:

"Me visar til Røldal Miljøkraft sin søknad om løyve til å byggja ut Tufteelva og Mjølåna. Med dette brevet vil me som er oppsitjarar på Austdalen gardsnr. 29, bruksnr.14 på det sterkaste protestera på denne søknaden.

Mjølåna er elva som lagar Mjølafossen. At denne elva skal verta truga av regulering er rein vandalisme. Denne fossen er ei naturperle, noko som alle turistar og turgåarar ser når dei går turistvegen som går på andre sida av juvet for Mjølåna. Opp etter juvet går denne rydda turistvegen frå Røldal om Austdalen og vidare inn i fjellheimen til Grytingstølen og Bråstøl i Valldalen. Det kan ikkje vera mogeleg at den siste uberørte dalen i Røldal skal ofrast for nokre få grunneigarar si økonomiske vinning. Lat den siste fossen i Røldal få leva, det må den få lov til for etterkommarane våre si skuld. Me kan ikkje tillata at enkelte skal få øydeleggja den siste fossen me har.

Me legg ved eit foto av Mjølåna og Mjølafossen der både elva og fossen visar seg i si flottaste prakt (vedlegg 1). Småkraftverk må ikkje å få lov å øydeleggja all naturen rundt omkring.

Vedlegg: bilder [...]"

Oddbjørn Lynghammar har sendt sin uttalelse i e-post av 09.11.2007:

"Røldal er ei fjellbygd som ligg 400 m over havet, i sør-austre del av Hordaland fylke i Odda kommune. Her bur 550 innbyggjarar.

Røldalsbygda står no i fare for å mista alt som er av elvar, og dette medfører store naturinngrep i ei bygd som allereie er sterkt utbygd. Nesten alle bedriftene i bygda er basert på turisme, og er avhengig av det. Eg har lagt ved eit kart over førebels planlagde prosjekt i Røldal og omegn, og vil nedanfor koma med nokre synspunkt rundt prosjektet som ligg i nærast framtid. I tillegg nemner eg mesteparten av dei vatn og elvar som vart tekne i 60-åra.

Mjølåna og Tufteelva kraftverk.

Det er no søkt om konsesjon for å utnytta desse to elvane. Dette kjem til å berøra ein heil dal, Austdalen og Austdalsjuvet. Om ein les konsesjonssøknaden utan å vera lokalkjend, både ser og høyrer dette flott ut. Her er berre fordeler, til og med vegen. Den kan nyttast til gjødsling. Til orientering er dette utmark. Når ein ser nærare på planen finn ein ikkje berre fordeler. Om Tufteelva får mindre vatn, eller nær sagt vert turrlagd, så er det ein liten del av det heile. Utbygginga medfører store naturinngrep. At elvane forsvinn, vert eit stort minus i tillegg. Rapporten seier at det er berre 14 promille av villmarka i Hordaland som vert berørt av dette. Det som ikkje er nemnt, er at dette er eit av Røldals vakraste område, med vill natur og nær sentrum av bygda. Dette er den einaste urørte dalen som er att etter ei av største kraftutbyggingane Noregshistoria. Det er eit særskilt mykje nytta turområde, og her går den einaste turiststien direkte frå Røldal og inn til løypenettet på Hardangervidda.

Vidare seier rapporten at det ikkje finst kulturminner. Under Tømmerleite ligg Huldrestein. Hit skal det byggast permanent bilveg, og her byrjar tunnelen under Tømmerleite til Austdalen. Soga fortel at under denne steinen budde Huldrefolket om sommaren, om vinteren flytte dei inn i stølshusa etter at folket flytte heim om hausten. Denne soga er mange hundre år gamal, og Huldrestein er eit sterkt symbol på ei anna tid. Soga og steinen har alltid fasinert oss. Den ligg

som eit fast bevis, noko me kan visa etterkomarane våre. Like forbi Huldrestein går vegen. Den vart utbetra rundt 1936 for at hest kunne brukast, men vegen er mykje eldre. Den fører oss til Austdalen. Ei perle av dei sjeldne, der stølshusa ligg likt som i 1952, siste året det vart støla der.

Her ligg det eldste stølshuset i bygda som framleis er intakt. Det er mura i stein med to rom, sannsynligvis bygt på 1600-talet. På vollen utanfor ligg steinar med innhogne navn til folket som var her. Lenger inne ligg Gamlestøl, den er endå eldre. Dette tyder at vegen opp til Austdalen er mange hundre år gamal, og soleis kanskje automatisk fredda. Dette er i anleggsområdet.

Mjølåna ser ein på andre sida av dalen når ein går til Austdalen, kvit og vakker. Om ein går rundt Simlehovden kan ein gå ned ved sida av fossen, då får du gufsen av Mjølåna. Kvitt råk, derav namnet.

Eg vil understreke at dette er det mest brukte turområdet for turistar og folket i bygda. Etter få minuttss gange frå sentrum er det stille og vakkert, utan biltrafikk. Me har verken teater eller opera, men vakker natur. Mesteparten er allereie utbygd, kanskje så mykje som 99,5 %. Eg nevner: Røldalsvatnet, Valldalsvatnet, Votna, Ståvatnet, Austre og Vestre Middyrvatna, Kallevatn, Djupetjønn og elles mange tjødnar rundt om i fjella. Følgeleg er dei store elvane og fossane borte, blant anna Novlefoss, Hundafoss, Risbuelva, Storelva, Grytøyrelva, Nyastøelva, Austmannabekken pluss elvane som forsvann i Valldalen og på Haukeliffell osv.

Austdalsområdet er det einaste me har att som er urørt. Kan me ikkje få behalde dette eingong? Det er ein viktig trivselsfaktor for oss som bur i bygda. Om ein bur her er det den vakre naturen som er teateret, maleriet og adspredelsen for oss.

Under den store utbygginga forsvann ein heil kultur i bygda. Fjellbøndene her har levd i og av fjellet i mange hundre år, blant anna i Valldalen. 17 – 18 stølsbruk ligg no under 80 meter vatn.

Ingen skal koma å seie at me i Røldal er imot vasskraftutbygging. Det me ber om er at mange av dei elvane det no vert søkt om, og spesielt Mjølåna og Tufteelva, må få leva.

Eg er 100 % sikker på at eg har mesteparten av folket i bygda med meg på dette, men desse sakene berører mange faktorar. Det er ei lita fjellbygd, alle kjenner alle, og mange er i slekt med kvarandre, nesten alle har noko med kvarandre å gjera. Kommunesenteret ligg 4 mil borte, og dei fleste der veit lite om dette området. Det er dei som kjem med innstilling.

Det er problematisk å gå offentleg ut mot dette, men inst inne veit eg at alle i bygda vil at nokre elvar skal sparast, og Austdalen i særdelesheit. Det som òg er ein stor fare no, er at det vert søkt om òi og òi elv. Til slutt er alt borte, og det på under 50 år. Røldal fekk straum i 1958.

Biologisk mangfald har myndigheitene sagt skal oppretthaldast, ikkje minka. Likevel fortset me i større tempo enn nokon gong. Kven vil ta på seg å verdsetja dette i pengar? Det er umogleg.

I rapporten seier dei òg at dei taper so og so mykje på minstevassføringa. Kvar er logikken? Taper på å tena, ja. Det er det same som å seie at du taper på å jobba berre 7,5 time pr. dag. Er det noko anna enn pengar som betyr noko, som er verdifullt? Kvar dag er det innslag om overforbruk av alt, også energi. Men det er ikkje ein einaste ordførar eller politiskar lokalt som i praksis gjer noko for å koma i gong med sparetiltak. På lokalplan rår tilfældigheitene.

Her er eit døme:

Eit anna småkraftverk-prosjekt her, Ekkjeelva, er no under utbygging. Eit kjempestort naturinngrep, midt i augo på heile bygda, nemleg Ekkjeskard. Utviklingskomiteen i kommunen var ikkje på befaring. Kommunestyret sa ja, også utan å reisa på befaring. Dei fleste i

kommunestyret er frå Odda og veit knapt kor Ekkjeskard er. Det er ein representant frå Røldal, som sit i Energiutvalet (Energiutvalet i Odda kommune har fått i oppdrag å kartlegge kva slags vassdrag det er greit å bygge ut, kva som er problematisk og kva ein ikkje vil tillate å bygge ut) i Odda kommune, han er sjølv utbygger.

Det er umogeleg å ha tru på at sakshandsaminga er god nok når me ser at kommunestyret i realiteten ikkje er interessert å setja seg inn i sakene og ikkje forstår kva dette er. Og det er ekstra alvorlig når nesten ingen i kommunestyret er lokalkjende. Dei bur i Odda 4 mil borte. Røldal, Odda kommune.

Vedlegg: Kart [...]."

Arve Lynghammer har sendt uttalelse i e-post av 30.11.2007:

"Røldal miljøkraft AS har søkt om å utnytte elvane Mjølåna og Tufteelva til kraftproduksjon. Planane har no lege til offentleg ettersyn på Coop Røldal, og på bakgrunn av dette vil eg gjerne koma med nokre synspunkt.

Generelt om kraftproduksjon i Røldal

I Røldal er alle dalane med vassdrag, så nær som Austdalen (der Tufteelva og Mjølåna ligg), berørte av kraftutbygging. Av store regulerte anlegg kan eg nemne Valldalen, Votna, Røldalsvatnet, Austre og Vestre Middyrsvatna og Kaldevatnet. Av elvar som vert førte inn i fjellet, kan eg nemna Grytøyrelva, Risbuelva, Nyastølselva, Skjemmedalselva og Austmannabekken. Novlefossen vert stoppa før han renn utfor. Vidare nedover Storelvvassdraget, i Rogaland fylke, er det store mengder planlagde og realiserte små kraftverk.

Av pågåande småkraftprosjekt i Røldal kan eg nemna Ekkjeåna kraftverk, som fekk konsesjon i fjor sommar (er under bygging). Ekkjeåna er saman med Tufteelva dei elvane som er mest synlege frå bygda Røldal. Ni andre småkraftverk er under planlegging i Røldals-området, og av desse ligg det melding om fem kraftverk inne hjå NVE (Grøno, Middalen, Trossovdalen, Holdølo og Strandåna). I tillegg er det søkt om konsesjon til å byggje ut Einungstølsåna, og høyringsfristen er 15. januar 2008. To kraftverk har fått midlar til utgreiing frå Fylkesmannen i Hordaland (Trossovbekken og Grøndalselva). Saudefallene ser ut til å ta Reinsåna som drenerer til Røldalsvatnet via Håraelva, og det ligg føre småkraftplanar for resten av Håraelva.

Friluftsliv

Friluftslivet står sterkt i bygda. Røldal idrettslag arrangerer kvart år den såkalla Røldalstrimmen. Det er eit tilbod som oppmuntrar til friluftsliv i nærområdet. Det vert lagt ut postar på ulike stader kvart år, og dei som deltek, skriv namnet sitt i utlagde bøker. Kvart år er det ein eller fleire postar i influensområdet til dei omsøkte kraftverka. Eg nemner Austdalen, Grøndalen, Grønhedler, Storavatnet, Kviteskar og Kvammen (like ved Mjølåna). Dette er ein populær aktivitet, som òg trekkjer folk utanfrå Røldal.

Området er elles svært mykje brukt av både bygdefolk og turistar, til både tur og trening. Grunnen til det er mellom anna nærleiken til bygda og at naturen stort sett er urørt, det gjeld særleg Mjølfossen.

Natur og biologisk mangfald

Miljørapporten frå Naturforvalteren ser svært grundig ut, og eg skal ikkje føye til så mykje her. Likevel er det på sin plass å framheve enkelte av punkta, sidan konsesjonssøknaden ser ut til å neglisjere mange faktaopplysingar. I punkt 3.4 på side 11 i konsesjonssøknaden står det: "Etter grundige og iherdige forsøk ble det ikke funnet noen verdifulle naturtyper ved Mjølåna."

Men Naturforvalteren skriv i punkt 5.3.1 på side 9 i sin rapport:

"Det er ikke tidligere registrert noen verdifulle naturtyper i dette området, men fossesprutsonen nederst i Mjølfossen, ved Mjølajuvet, burde vært registrert med lokal verdi. Ingen rødlistearter ble funnet her, men potensialet for dette vurderes som høyt. Enkelte av bekkekløftene var så vanskelig tilgjengelige at de ikke ble undersøkt."

Vidare i konsesjonssøknaden, i punkt 3.4 på side 11, står det:

"Det er heller ikke funnet noen verdifulle naturtyper i influensområdet til Tufteelva. Det ble her undersøkt bekkekløfter ned til det ufremkommelige, (jf. biologisk rapport) uten å finne verdifulle naturtyper."

Den biologiske rapporten seier noko anna (5.3.2, side 9): "Umiddelbart nedstrøms planlagt inntak kaster elva seg ut i en større foss gjennom et trangt juv, som skaper en fossesprøytsone langt opp etter sidene. Denne naturtypen beskrives som fosse-eng i Fremstad (1997).

Naturtypen karakteriseres som sjelden, og er hovedsakelig knyttet til Vestlandet og Nord- Norge, samt sentrale fjellstrøk."

Vidare står det (5.3.2, side 10): "Skogen er preget av snøras noe som gjør at det finnes en del død ved i elveleiet. Dette er gunstige leveområder for sjeldne sopp og insekter. Bekkekløften er nord-nordøst vendt, noe som gir de gunstigste levevilkårene for en rekke av spesialiserte arter av lav, moser og karplanter. Berggrunnen er også porøs og næringsrik så potensialet for krevende arter er stort. Dette gjør at forekomsten bekkekløft bør regnes å være av regional verdi. Videre botaniske undersøkelser i selve bekkekløften vil belyse om det forekommer rødlistearter som vil heve verdivurderingen til nasjonal verdi. (...) Det er ikke tidligere registrert noen verdifulle naturtyper i influensområdet, men fossesprøytsonen ved inntaket burde vært registrert med regional verdi. Ingen rødlistearter ble funnet her, men potensialet for dette vurderes som meget høyt. Enkelte av bekkekløftene var så vanskelig tilgjengelige at de ikke ble undersøkt."

Desse påstandane står altså i sterk kontrast til kvarandre, og eg vonar at beslutningstakarane har dette i bakhovudet.

Inngrepsfrie område

Inngrepsfrie område vert reduserte, og ein kan ikkje lenger sjå isolert på kvart prosjekt. Saman med dei andre planlagde prosjekta vil den inngrepsfrie naturen i Røldals-området lide store tap. Influensområdet til Tufteelva/Mjølåna er særskild viktig, sidan dette er det einaste forholdsvis uberørte området som er att. Ein må faktisk inn i Hardangervidda nasjonalpark for å finne noko tilsvarande.

Konklusjon

Av alle dei pågåande og framtidige prosjekta av denne typen i Røldal peikar Tufteelva kraftverk og Mjølåna kraftverk seg ut som to av dei aller mest konfliktfylte. På bakgrunn av den detaljerte rapporten om verknader på det biologiske mangfaldet, inngrepsfrie område og den utstrekte bruken av området, oppfordrar eg NVE til å avslå søknaden."

Anna Seim m.fl. har sendt uttalelse pr. e-post den 30.00.2007:

"Angående søknad om å byggja ut Tufteelva og Mjølåna i Røldal:

Som unge innbyggjarar i Røldal er me no bekymra. Det er allerede utbygging av småkraftverk på gong, og det er store planar om mange fleire. For oss unge Røldølingar er naturen ein utruleg viktig del av kvardagen, og området i Austdalen er i flittig og dagleg bruk gjennom nesten heile året. Ein eventuell utbygging her vil øydeleggja dette området, som er det einaste

nær Røldal som framleis er urørt av naturinngrep. Her er også ein iaugnetakande flott foss, Mjølåna, som også er planlagt utbygd. Denne fossen er ei stor oppleving å passera for turistar og like mykje for oss sjølve.

Desse planane får oss til å bli verkeleg urolige. Me ber om at Røldal si unge røyst blir høyr. Det er me som skal overta jobbane og byggja vidare i Røldal, og me vil ha ei bygd som framleis har urørt natur i nærområdet!

Me ber om at planane blir sett under eitt- og utsett.

Med vennlig hilsen mange unge Røldølingar."

Nils Åge Sandal har sendt uttalelse pr. e-post den 30.11.2007:

"Nye utbyggingsplanar av småkraft i Røldal må stoppast!

Grunngjeving: - Røldal er alt svært naturmessig prega av tidlegare utbyggingar

- turre elvar og fossar; tenkjer særleg på Novlefoss*
- svært skjemmande nedtapping av Røldalsvatnet på den finaste årstida*
- neddemming av ein av Norges finaste stølsdalar - Valldalen*
- dei fleste vatn og tjørnar i fjella omkring er regulerte*
- usikre isar og frostskodd*
- stygge, evige sår i terrenget*
- skjemmande linjenett i alle retningar*

Fossen i Mjølåna er no den einaste fossen som er att i Røldal. Ei utbygging av Tufteelva/Mjølåna vil ødeleggja den siste urørde delen av bygda - Austdalen. Det vil uansett bli nye anleggsveggar, røyrgrater/vasstunnelar, kraftstasjonar, redusert vassføring, sår/merke i terrenget etc.

Motorisert ferdsel ut i naturen vil auka pga betre tilkomst.

Småkraftutbygging gjev bortimot 0 permanente arbeidsplassar, samstundes som det blir endå mindre jordbruksmessig aktivitet på dei gardane det gjeld.

Bagatellmessige inntekter for kommunen.

Det kan vel ikkje vera slik at alt vatn i Røldal skal tuklast med. Det går faktisk ei moralsk grense.

Nok er nok når det gjeld meir vasskraftutbygging i Røldal, enten dette er små eller store prosjekt!"

Prosjektalternativ 3

Søker har i e-post av 17.03.09 kommet med et prosjektalternativ 3:

"Grunneierne i Tufteelva og Mjølåna kraftverk er kjent med Kommunedelplan for energi og vassdrag samt vedtak OK-095/08 i Odda kommune. På bakgrunn av dette har vi utredet et prosjektalternativ som tar utgangspunkt i inntak ved samløpet mellom Mjølåna og Tufteelva. Vi presiserer at vi opprettholder de 2 omsøkte alternativer som prioriterte, men alternativet som her blir beskrevet søkes om tertiært.

Bakgrunn

Grunneierne har hele tiden tatt initiativ til en skånsom utbygging av vannressursene i Tufteelva og Mjølåna, noe man har etterstrebet i det omsøkte alternativet, bl.a. ved følgende tiltak:

Flytting av kraftstasjon til ovenfor broen over E 134 på lite synlig sted, en minstevannføring på

15 % (162 l/s) av middelvannføringen i Mjølåna i sommerhalvåret for å ivareta en godt synlig foss, slipp av minstevannføring lik alminnelig lavvannføring vinter og sommer i Tufteelva og vinter i Mjølåna. Dette er faglig vurdert til å ivareta hensynet til biologisk mangfold. Disse avbøtende tiltakene, som grunneierne selv har foreslått, gir en redusert årsproduksjon på 4,6 GWh.

Søknaden for Tufteelva og Mjølåna kraftverk ble sendt på høring 10.9.2007. Ettersom Odda kommune gikk i gang med å utarbeide Kommunedelplan for energi og vassdrag ble en høringsuttalelse først vedtatt av kommunestyret 9.12.2008.

Alternativ 3, Tufteelva med inntak nedstrøms Mjølåna-fossen

- *Inntaket plasseres i området hvor Mjølåna og Tufteelva møtes. ca. ved kote 583. Det er planlagt en enkel betongkonstruksjon som er plassert og dimensjonert for eventuelle flomoverløp og isoppstuing.*
- *Vannveien planlegges som tunnel i fjellet fra inntaksområdet og ned til ca. kote 550. Herifra og ned til kraftstasjonen vil vannveien legges som vannrør nedgravd i bakken.*
- *Tilkomstvei. For å kunne utføre nødvendig tilsyn til inntaket etter at anlegget er kommet i drift planlegges det en enkel tilkomstvei som kjøresterkterreng til inntaket. Dette for å muliggjøre tilsyn ved hjelp at traktor/atv. Det planlegges ikke anleggsvei til inntaket.*
- *Kraftstasjonen planlegges som i omsøkt prosjekt ved kote 415.*

I tabellen under er data for omsøkt hovedalternativ med minstevannføring på 423 l/s i Mjølåna og alternativet beskrevet over liste opp.

	<i>*Tufteelva og Mjølåna</i>	<i>**Tufteelva og Mjølåna</i>	<i>Tufteelva med inntak nedenfor fossen</i>
<i>Årlig middelprod. (GWh)</i>	35,6	30,5	17,9
<i>Utbyggingskostn (mill)</i>	62,4	62,4	37,3
<i>Spesifikk utb.kost (kr/kWh)</i>	1,75	2,05	2,08

** Omsøkt prosjekt, ** Omsøkt prosjekt, men med slipp av 4,32 l/s i Mjølåna hele året.*

Vi ser av tabellen at man taper ca. 50 % (17,7 GWh) av produksjonen ved å gå fra omsøkt alternativ til Tufteelva med inntak nedenfor fossen. Sistnevnte vil dessverre også utelukke flere bruk fra prosjektet, men er økonomisk realiserbart, samtidig som det imøtekommer så å si samtlige innsigelser som har fremkommet i høringen for Tufteelva og Mjølåna kraftverk.

Vedlagt følger også kartoversikt som viser de ulike alternativene i terrenget (vedlegg 1).

Biolog Roy Mangersnes i Naturforvalteren AS har utarbeidet et notat som beskriver endringene for alternativet i forhold til miljøkonsekvens (vedlegg 2).

Dette alternativet tar utgangspunkt i at:

- *både dam og stasjon blir plassert på ikke synlig sted fra sti/stølsveg/steder der folk ferdes.*
- *vannveien blir i fjell(øverste strekning) og nedgravd i bakken (nederste strekning).*
- *ingen anleggsvei blir nødvendig på øvre del av vannveien og betong/utstyr til inntaksdam flys inn med helikopter."*

[...].

Vurdering av virkninger på biologisk mangfold for alternativ 3: **Naturforvalteren AS**: kommentar til justert prosjekt

"I forbindelse med opprinnelig plan for utnyttelse av Tufteelva og Mjølåna, i Odda kommune, til kraftverk ble det gjennomført undersøkelser av biologisk mangfold, datert 9.8.2006. På vegne av grunneierne i Tufteelva/Mjølåna har Norsk Kraft AS kommentert Odda kommune, ved utviklingskomiteen, sin innstilling som plasserer Tufteelva i rød sone i kommunedelplan for energi og vassdrag. Samtidig blir det fremmet to nye alternative utbygginger i vassdraget. I den forbindelse har Naturforvalteren AS har blitt bedt om å vurdere hvordan alternativ 3 – KUN Tufteelva med inntak ved samløp med Mjølåna, endrer miljøkonsekvensene for prosjektet.

Redusert omfang og konsekvens

Slik tiltaket nå blir presentert vil hele Mjølåna skånes, slik at anleggsvei opp på fjellet, dam med inntak samt kraftstasjon ved samløpet utgår. Dermed vil ikke viktig naturtype, fossesprøytsone, ved Mjølajuvet bli berørt av tiltaket. Også leveområde for villrein, kongeørn og jaktfalk blir skånet for unødig forstyrrelser.

Ved å plassere inntaket nedstrøms samløpet mellom Tufteelva og Mjølåna vil også fossesprøytsone med fosseng i Tufteelva (ved MGRS kartpunkt 39VLM7815236744) også skånes. Dermed unngår man inngrep i regionalt viktig naturtype. I tillegg skånes 500-600 meter av Tufteelva i en del av elva der naturtypen viktig bekkekløft er dominerende. Nytt inntak ligger også utenfor forkastning der det er størst sannsynlighet for kalkholdig berggrunn, men det er mye løsmasser i hele planområdet der kalkkrevende arter kan opptre. Det er viktig å påpeke at også store deler av Tufteelva videre nedstrøms nytt inntak innehar verdier knyttet til naturtypen bekkekløft og bør vektas deretter. Konsekvensen for biologisk mangfold i Tufteelva blir redusert, men vil fremdeles være middels negativ slik vi vurderer det.

Konklusjon

Ny tiltaksbeskrivelse vil redusere omfanget på biologisk mangfold betydelig i forhold til opprinnelige planer. Imidlertid vil fremdeles viktig naturtype, bekkekløft, bli direkte berørt av tiltaket."

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden på prosjekialternativ 3:

Odda kommune skriver i sitt brev av 26.06.2009:

Vedtak i OK-sak nr 054/09 er :

- 1. Odda kommunestyre sier nei til utbygging av Tufteelva kraftverk og Mjølåna kraftverk alternativene 1 og 2.*
- 2. Odda kommunestyre rår til at det blir gitt konsesjon for bygging av Tufteelva kraftverk etter alternativ 3; Tufteelva med inntak nedstrøms Mjølåna-fossen.*
- 3. Tilkostveg til inntaket utgår."*

[...].

Fylkesmannen i Hordaland uttaler følgende i brev av 20.05.2009

"Vi viser til Dykkar brev av 07.05.09 der Fylkesmannen blir bedt om å gi uttale til ovannemnte prosjekialternativ. Vi viser og til vårt brev av 05.02.08 der Fylkesmannen tilrådte at det ikkje vart gitt løyve til utbygging Tufteelva og Mjølåna kraftverk.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det nye prosjekialternativet gir grunnlag for å endre denne tilrådinga og finn difor det rett å halde fast på vår konklusjon i brev av 05.02.08."

Hordaland fylkeskommune uttaler i brev av 29.05.2009:

"Hordaland fylkeskommune hadde i 2007 til politisk handsaming sak om utbygging av Tufteelva og Mjølåna kraftverk i Odda, der fylkesutvalet i møte 20.11.07 gjorde følgjande vedtak om fråsegn i sak 257/07:

- 1. Utbygginga ligg i grenseområdet for Hardangervidda nasjonalpark og det krev at ein tek særskilt omsyn til miljø. Dette har konsesjonssøklar på ein forbilledleg måte gjort i planane. Ut frå dette vil fylkesutvalet oppmoda om at søknaden vert fremja utan å venta på at fidskedelplan for små vasskraftverk er ferdig uorma.*
- 2. Fylkesutvalet tilrår at NVE gir konsesjon som omsøkt.*
- 3. Ved ein eventuell konsesjon til prosjekta må det i vilkåra vere krav om at undersøkingsplikta etter Kulturminnelova vert oppfylt før arbeid i marka startar opp.*
- 4. Fylkesdelplan for små vasskraftverk skal prioriterast.*

Fylkesutvalet har alt rådd til at det vert gjeve konsesjon til bygging av Tufteelva kraftverk og Mjølåna kraftverk, og akseptert dei inngrepa dette medfører. Om NVE finn at opprinneleg omsøkt løysing ikkje bør få konsesjon, er fylkeskommunen positiv til alternative utbyggingsløyser. Også for alternative utbyggingsløyser må undersøkingsplikta etter Kulturminnelova vere oppfylt før arbeid i marka startar opp.

Til orientering vil vi opplyse om at det no ligg føre eit utkast til fylkesdelplan for små vasskraftverk med kartmateriale, utkast til fylkespolitiske retningslinjer samt tekstomtale for 14 delområde der eit av desse er Røldal. Fylkesdelplanen er sendt på høyring med frist for innspel sett til 1. juli, og med mål om vedtak av fylkesdelplanen på fylkestinget i oktober 2009. Høyringsdokumenta er lagt ut på nettstaden www.hordaland.no/energi.

Naturvernforbundet i Hordaland uttaler i e-post av 07.06.2009:

"Viser til brev om utredning av et nytt prosjekteralternativ 3 for Tufteelva kraftverk og Mjølåna kraftverk. Vår oppfatning er at dette alternativet ikke endrer de konklusjonene vi har gjort i vår uttalelse til den opprinnelige søknaden."

Odda Energi uttaler i brev av 26.05.2009:

"Odda Energi AS har ikke noen ytterligere kommentarer av prosjekteralternativ 3 og viser til vår uttale datert 30. november 2007 og til brev av 23. juli 2007 til Ryfylke Energi AS vedr. kapasitet i strømmettet i Røldal.

Nettilknytning av Tufteelva og Mjølåna kraftverk forutsettes tilknyttet ny 300/22 kV trafo i Lynghammer (i nytt brytefelt) via egen 22 kV — 240 mm² ca. 2 km lang.

Viser for øvrig til at Odda Energi sammen med Statnett og Suldal Elverk har utarbeidet en samlet samfunnsøkonomisk plan for ny nettstruktur i Røldalsområdet. Her konkluderes det med at det er ingen ledig trafokapasitet mellom 22 og 300 kV / spenningsnivå for å få ut ny produksjon og ny trafokapasitet må etableres. Angitt trafokapasitet er på ca. 100 — 110 MVA, alt avhengig av hvilket småkraftpotensiale som tillates utbygget i Røldalsområdet og fra Øvre Suldal.

[...]."

Arnold Hamre uttaler følgende i brev av 11.05.2009

"[...].

Dykkar skriv av 07. mai 2009 har eg motteke.

Her ser eg att det enno ein gong vert søkt om utbygging, trass av at dette vassdraget vart i Odda kommunestyre var set i raud sone.

Eg vil no vona att naturvern og andre vernarar gjer sitt til at dette ikkje kom på tale.

Lat no den einaste fossen som er att i Røldal få brusa som før. Kulturvern og naturvern må av og til gå foran økonomisk vinning."

Arve Lynghammar uttaler i brev av 26.05.2009:

"Takk for tilsendt saksdokument. Det er ikkje mange nye opplysingar å koma med, men presisering av tidlegare synspunkt. Framleis er eg midlertidig biologistudent i Trondheim, men heimstaden min er Røldal. Mitt engasjement i saka er naturen i Røldal, og eg har såleis ingen økonomiske interesser.

Det nye alternativet for utbygging - alternativ 3 - er etter mi meining ei svak forbedring frå dei foregåande. Ein sparer Mjølåna og fossesprutsona i samband med denne, bekkekløft oppstrøms samløp og ein får kraftstasjon mindre. Likevel er det nokre punkt eg ynskjer å kommentere:

1. Området er framleis det potensielt mest verdifulle området når ein ser på biologisk mangfald, i forhold til dei andre vassdraga i kommunen som også er omsøkt eller bygd ut. Totalpakken med ei levande elv og vill, uberørt natur må ikkje undervurderast. Det er særskild uheldig å tillate bygging før ei totalvurdering av alle vassdrag er på plass. Slik eg forstår det, er dette eit arbeid som Hordaland fylkeskommune er i gang med. Ein kan risikere å bygge ut verdifulle område, og mindre verdifulle område blir skåna. Ekkjeåna kraftverk er kome i drift, og det ligg antakeleg an til at Håraelva, Grøndalselva og Einungstølsåna får konsesjon i nær framtid. Eit scenario der samtlige mindre vassdrag i Hordaland er bygd ut ser eg på som usannsynleg. Det vil i så fall vera i sterk kontrast til det uttalte målet om stans i tap av biologisk mangfald innan 2010.

2. Rapporten om biologiske verdier nemner at den viktige naturtypen bekkekløft vil bli direkte berørt av alternativ 3. Deler av trasen har heller ikkje blitt undersøkt av biologar, og rapporten framhevar at området har stort potensiale for raudlisteartar. Ein kan ikkje tillate bygging før traseen har blitt undersøkt. Dersom det er råd å koma til med helikopter og anleggsmaskiner bør det også vera mogleg å transportere inn ein liten og nett biolog. Det er vel også på sin plass å trekke fram viktigheten av denne djupe dalen for rovfuglar på næringssøk. Verken desse eller fossefallet vil vel opphalde seg i nærleiken av ei bråkete turbin?

